

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møllendalsbakken 9, Bergen
MØTETIDSPUNKT: 13.04.2016 KL. 02:00 – 16:00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Maria Borch Helsengreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

FORFALL FRA STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Tor Erik Tveit	Kst. Økonomisjef
Berit Berntsen	HR og organisasjonssjef (referent)
Sidsel Rykken	Kst. Fagdirektør (sak 018/16)

Dessutan møtte Tommy Lothe Revisor (sak 014/16)

SAKLISTE

- Sak 011/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 012/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i
Sjuehusapoteka Vest HF 25.02.2016
Sak 013/16 Administrerande direktør si orientering
Sak 014/16 Årsmelding og Årsrekneskap for
Sjuehusapoteka Vest 2015
Sak 015 /16 Styringsdokument 2016 frå Helse Vest RHF

UNDERLAG

- Vedlagt

Vedlagt
Vedlagt

Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

- Sak 016/16 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del

Sak 017/16 og sak 020/16 vert handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

- Sak 017/16 Samhandling med kommunar
(u. off. jf. Offentleglova §23.1) Vedlagt
- Sak 018/16 Ombygging Sjuehusapoteket i Stavanger og
og Bergen (u. off. jf. Offentleglova §23.1) Vedlagt
- Sak 019/16 Verksemdsrapport per februar 2016
(u. off. jf. Offentleglova §23.1) Vedlagt
- Sak 020/16 Rapportering 80/20 regel 2015
(u. off. jf. Offentleglova §23.1) Vedlagt

OPE DEL

Sak 011/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden Oppsummering

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.
Ingen saker meld til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 012/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 25.02.2016 Oppsummering

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 25.02.2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner og underteiknar protokollen frå styremøte 25. februar 2016.

Sak 013/16 Administrerande direktør si orientering Oppsummering

1. Rapportering tilsynssaker

*ingen nye saker

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

*Heimel for å lukka styremøte og unnta saker frå offentleg innsyn
*Nye regler for behandling av einingspriser på legemidler

3. Oversikt over aktuelle høyringar

*notat ligg ved

4. Status utgreining organisering av sjukehusapotekføretak

*munnleg orientering

5. Strategiarbeid, Helse 2030

*munnleg orientering

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek orienteringa til vitande.

Sak 014/16 Årsmelding og Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2015**Oppsummering**

Årsmelding og Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2015 vart gjennomgått og kommentert med revisor tilstades.

Revisjon er gjennomført i høve til god revisjonsskikk og regnskapet vert avlagt i samsvar med god rekneskapsskikk. Nytt frå 2015 er skatteplikt for Publikumsavdelingane.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtek Årsmelding og Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF for 2015. Styret ber om at Årsmelding og Årsrekneskap vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sin Årsmelding og Årsrekneskap for 2015.
2. Styret godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2016. Jf note 6 i årsrekneskapen.

Sak 015/16 Styringsdokument 2016 frå Helse Vest RHF**Oppsummering**

Styringsdokument 2016 for Sjukehusapoteka Vest HF blei vedteke av føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF 1. mars 2016.

I Styringsdokument 2016 har Helse Vest gjeve Sjukehusapoteka Vest HF økonomiske, organisatoriske og rapporteringsmessige krav, samt oppgåver som skal støtte opp om verksemda sine overordna mål for 2016. Styringsdokumentet gjev ikkje dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest men dokumentet utfyller og konkretiserer oppgåver som det skal leggjast vekt på, og som skal prioriterast i 2016. Sjukehusapoteka sine oppgåver for å sikre kvalitet og pasienttryggleik er konkretisert, og dokumentet framhevar Sjukehusapoteka Vest sin rolle som strategisk partner i samarbeidet med sjukehusa i Helse Vest.

Tidligere styresak (sak 06/16) om risikostyringsmål viser fokusområder for Sjukehusapoteka Vest i 2016 for å sikre leveranse i høve til styringskrava. Ut over dette vil oppgåver gjevne i styringsdokumentet verte spegla i strategi og planarbeidet i Sjukehusapoteka Vest i 2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar saka til orientering og ber administrasjonen fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet. Styret legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest og følgjer opp legemiddelmangel i sitt arbeid med å levere innanfor krav i styringsdokumentet.

Administrasjonen vert bedne om å rapportere på Styringsdokument 2016 for Sjukehusapoteka Vest HF i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF.

**Sak 016/16 Eventuelt
Skriv og meldingar**

Styret fekk invitasjon til 30 årsjubileum for apoteket i Haugesund fredag 10. juni 2016 kl. 18:00. Svar sendes maria.areklett@sav.no innan 15.mai 2016.

LUKKA DEL

Sak 017/16 Samhandling med kommunar

Oppsummering

Status for samhandling med kommunar vart gjennomgått. Det er ynskjeleg å avklare nærare kva handlingsrom samhandlingsreglar og konkurransereglar gjev Sjukehusapoteka Vest med omsyn til samhandling med kommunar. Styret ynskjer at det vert gjort ei juridisk utgreiing om dette. Det er viktig å definere eit tydelegare målbilete for samhandling der nytte for pasientar og pasientsikkerhet innan legemiddelområdet vert vektlagt. Legemiddelområdet bør kome tydelegare fram samhandlingsutvala sitt arbeide og i kommunikasjon med kommunane.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering. Styret ber administrasjonen følgje opp innspel frå styret. Styret ynskjer at det vert utført ei juridisk vurdering av handlingsrommet for Sjukehusapoteka Vest med omsyn til samarbeid med kommunane.

Sak 018/16 Ombygging Sjukehusapoteket i Stavanger og Bergen

Oppsummering

SAV prosjekterer ombygging av publikumsekspedisjonane ved apoteka i Stavanger og Bergen og status for prosjekta vart gått gjennom. Planfasen er tenkt avslutta 30. april for Bergen og 30. juni for Stavanger med avklara rammer for bygg- og husleigekostnader, signerte kontraktar for inventar og vareautomat, tidfesta framdriftsplan, analyse av risiko knytt til prosjektet samt kvalitetsplan for alle leveransar.

Prosjekta er planlagt fullført med nyopning for begge apoteka 1. desember 2016. For Stavanger er det uvisse om framdrifta knytt til brannteknisk tilrettelegging i bygget, som må avklarast før endeleg prosjektplan.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til orientering og seier seg nøgd med godt planlagt prosess.

Sak 019/16 Verksemdsrapport per februar 2016

Oppsummering

Verksemdsrapporten blei gjennomgått og kommentert.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per desember 2016 til etterretning.

Sak 020/16 Rapportering 80/20 regel 2015

Oppsummering

Sjukehusapotekføretaka i Norge har tidligare standardisert rapporteringa av intern omsetning gjennom felles definisjon av intern omsetning, og bruk av same veke for registrering av utgangspunkt for berekning av internomsetning kvar haust. Rapport for 2015 syner at ekstern omsetning er redusert i høve til intern omsetning siste året og at Sjukhusapoteka Vest samla sett har ein ei omsetning som ligg godt under kravet om maksimalt 20 % ekstern omsetning.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapporteringa til etterretning.

Ref. Berit Berntsen

13.04.2016

Maria Borch Helsengreen

Styreleiar

Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
-----------------------	-----------

Jon Bolstad	Medlem
-------------	--------

Anne Sissel Faugstad	Medlem
----------------------	--------

Inger Cathrine Bryne	Medlem
----------------------	--------

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

Marianne Saugestad	Medlem
--------------------	--------

Bente Mari Rolfsnes	Medlem
---------------------	--------

Gunvald Iversen	Medlem
-----------------	--------